



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Oldedalen i Stryn
Dato: 10.06.2024
Tidspunkt: 11:00

Velkomen til det tredje møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Møtet finn stad på Aabrekk gard i Oldedalen måndag 10.juni kl.11:00. Etter møtet vert det synfaring i Brikdalen. Tysdag 11.juni skal styret på synfaring i Erdalen i Oppstryn.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 13/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 15/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Erdalssætra - Søknad om motorferdsel med elektrisk terrengullestol - Anita Erdal Aahjem		2024/5264
ST 16/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Innsamling av planter, sopp og lav - Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS		2024/8344
ST 17/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Innsamling av belegg til artskartlegging - Basiskartlegging - Miljøfaglig Utredning AS		2024/8460
ST 18/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Innsamling av prøvar til forskning - RACOON - Høgskulen på Vestland		2024/8547
ST 19/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 1/24	Rapport frå synfaring 28.05.2024. Bru over Tverrdalselva mv.		2024/8263

Orienteringssaker

1. Orientering frå SNO
2. Tiltaksplan og økonomi - status pr 5.juni 2024
3. Tilrettelegging av utsiktspunkt Bøyabreen
4. Tilrettelegging av info- og startpunkt Tungestølen
5. Skjøtsel av kulturlandskap sommaren 2024 - status
6. Høyring ny motorferdsellov
7. Mediesaker sidan sist

ST 13/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 14/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Elektrisk
rullestol

Arkivsaksnr: 2024/5264-0
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 04.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	15/24	10.06.2024

Jostedalsbreen nasjonalpark - Erdalssætra - Søknad om motorferdsel med elektrisk terrengrullestol - Anita Erdal Aahjem

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknad frå Anita Erdal Aahjem om dispensasjon for persontransport med elektrisk terrenggåande rullestol til Storesætra i Erdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Grunngevinga er kort oppsummert at:

- Motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta kapittel IV punkt 4.1.
- Forvaltningsplanen legg vekt på å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum, særleg barmarkskøyning.
- Å opne for å gje dispensasjon til motorferdsel for persontransport vil kunne skape ein uheldig presedens, og eit auka press om å gje tilsvarande løyver.

Dokument i saka

- Søknad om motorferdsel i verneområde, datert 02.04.2024
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, juni 1994

Søknaden

Anita Erdal Aahjem søkte 02.04.2024 om løyve til motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark. Ho ønskjer å gje far sin, som sit i rullestol, moglegheit for å kome på Erdalssætra. Han er pensjonert gardbrukar og har brukt mykje tid på sætra opp igjennom. Det vert difor søkt om løyve til motorferdsel med elektrisk terrenggåande rullestol av merket Exotek i Jostedalsbreen nasjonalpark inn til Erdalssætra. Det vert søkt for ein periode på 6 år, 01.05.2024 – 31.04.2030. Føremålet med turane er å kome seg ut i naturen.



Søkjar var i kontakt med forvaltar pr. telefon 29.04.2024. Etter denne samtalen vart det sendt eit førebels svar med varsel om at søknaden truleg ville handsamast i førstkomande styremøte 10.06.2024. Søkjar vart og oppmoda om å spesifisere søknaden noko meir, mellom anna med tal turar og avgrensing av periode. Det er ikkje motteke noko nærare presisering/avgrensing av søknaden.

Søknaden vert vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldslova).
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, juni 1994

Lovheimel:

Saka gjeld motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark*, naturmangfaldlova sin § 48 og forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. Saka skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I § 4.1 i verneforskrifta er det gitt eit forbod mot motorferdsle på land, i vatn og i lufta under 300 meter.

Nasjonalparkstyret, eller den som får fullmakt til det, kan etter § 4.3 i verneforskrifta gje løyve til nokre former for motorferdsel. Mellom anna i samband med husdyrhald og vedhogst, transport av materialar til hytter, klopper, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, motorferdsel i samband med vitskaplege granskingar og øving i redning frå bresprekk.

Det er presisert i § 4.3. i verneforskrifta at:

«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast opp mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Det er ikkje opna for å gje dispensasjon til persontransport etter verneforskrifta, difor må denne søknaden vurderast etter naturmangfaldlova (nml) sin § 48, som gjeld dispensasjon frå vernevedtak. Det følgjer av førearbeidet til naturmangfaldlova at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 ikkje kan brukast til å utvide ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal vere ein sikringsventil for tiltak som ikkje kunne føresjåast eller spesielle/særskilte tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Første ledd i § 48 set rammer for kva unntak frå vernevedtak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig,



eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

I denne saka er klart at det ikkje finst omsyn til sikkerheit eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser som tilseier at dispensasjon for motorferdsel kan gjevast. Søknaden må difor vurderast etter første ledd, det betyr at det kan gjevast løyve dersom søknaden ikkje strir i mot verneføremålet eller kan påverke verneverdiane nemneverdig.

I *Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, kapittel 7.3.9 Motorferdsel* heiter det mellom anna at:

- c) *Dispensasjon for barmarkskøyning vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve.*
- i) *Å vere funksjonshemma, sjuk eller gamal er i seg sjølv **ikkje** god nok grunn til å få dispensasjon for motorferdsel. Vi vil vere svært restriktive ved handsaming av denne typar søknader. ...*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt sett for naturmiljøet, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er den best eigna og mest skånsame for naturmiljøet.

Om det ikkje er direkte heimel i verneforskrifta til å gjennomføre eit tiltak må tiltaket heimlast etter § 48 i naturmangfaldlova. Etter § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve, og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Vurdering

Det vert søkt om å køyre fram til Storesætra i Erdalen Store delar av stien inn til Storesætra er i dag godt tilrettelagd for folk og fe. Lange strekker av stien er god grussti, med enkelte parti med forholdsvis flate berg. Dei inste 2-300 metrane delen av stien går over stølflata ved setra på grasmark. Stien er stort sett lettgått og flat, men med eit par brattare kneiker.

Søknaden gjeld barmarkskøyning med terrenggåande elektrisk rullestol for persontransport av ein funksjonshemma inn til støl/sel i nasjonalparken.

Der verneforskrifta ikkje gjev grunnlag for noko anna, legg vi til grunn at omgrep som «motorferdsel» eller «motorisert ferdsel» skal forståast i samsvar med omgrepet motorferdsel i Lov om motorferdsel. I Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1996-1 er det vist til førearbeida til lova og lagt til grunn at motorferdsellova «ikke tar sikte på å regulere bruken av ordinære, ikkje terrenggåande, elektrisk drevne rullestoler». I eit brev frå 2005 seier Miljøverndepartementet at «kjøring av *ordinære* elektriske rullestoler ikkje er omfattet av motorferdselloven». Dei legg likevel til grunn at kjøring med motoriserte rullestolar som er



så robuste at dei kan køyrast i terrenget er omfatta av motorferdsellova. Dette gjeld sjølv om rullestolen skulle vere unnateke frå omgrepet køyretøy etter trafikkreglane § 1 bokstav l.

Veg i utmark som ikkje er opparbeidd for vanleg bil, er utmark. Stien/driftevegen inn til Storesætra i Erdalen er definert som utmark. Regelverket for motorferdsel i utmark gjeld difor parallelt med verneforskrifta.

Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av motorferdsel i verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 8. Erdalen vart i 2021 NiN kartlagt og det vart utarbeidd ein skjøtselsplan for det heilskaplege kulturlandskapet i dalen.

I Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området registrert artar og naturtypar som potensielt kan ta skade av motorisert ferdse.

Det er registrert ein eldre observasjon (2008) av den kritisk truga arten vipe i område. Observasjonen av fire vipar vart gjort i hekketida (25.mai) i ein passende hekkebiotop. Det er og gjort observasjonar av fleire andre raudlista fugleartar i området ved Storesætra, m.a. gauk, raudstilk. Vadarar som vipe og raudstilk er særleg sårbare for forstyrringar i hekketida.

Stien inn til Storesætra er for ein stor del ein godt tilrettelagd grusa sti som nokre stader går over flate berg. Ferdse med elektrisk terrenggåande rullestol langs denne stien vil i liten grad påverke verneverdiane, men dei kan medføre slitasje på stien og gje auka behov for vedlikehald, særleg i bratte delar av stien. Den inste delen av stien er ikkje særskilt lagd til rette og går på grasmark over sjølv støsvollen. Støsvollen på Storesætra er registrert som seminaturleg eng, som er ein truga naturtype. Ferdse med elektrisk terrenggåande rullestol kan potensielt gjere skade på denne naturtypen, særleg i våte parti.

Dersom det vert gjeve ein fleirårig dispensasjon utan avgrensingar på tal turar og tid for dei einskilde turane, vil ferdse potensielt kunne medføre ei for stor samla belastning for hekkande fugl og sårbar vegetasjon.

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Ulike former for motorferdsel fører med seg slitasje, støy og uroing, og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Det bør ikkje gjevast løyve til transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det ikkje er opna for i verneforskrifta.

Det er forskjell på kor mykje støy elektriske køyretøy medfører kontra køyretøy med forbrenningsmotor. For dei som driv med tradisjonelt friluftsliv vil alle former for køyretøy kunne vere forstyrrande for naturopplevinga, også stillestående elektriske køyretøy. Det kan og diskutast om denne forma for motorisert ferdse vil vere direkte i strid med verneføremålet: *å gje høve til naturoppleving gjennom tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*



Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad. I lovgjevinga knytt til motorferdsel i utmark er det sett eit skilje mellom transport av naudsynt utstyr i samband med hus, hytter og landbruksverksemd, der det er opna for å søke om løyve, og persontransport, der det er lite rom for å gje løyve.

Forvaltninga skal vurdere samla belastning som eit tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml § 10. Auka motorferdsel samla sett føre til utholing av vernet.

Naturmangfaldlova §§9 og 11 er ikkje vurdert i denne saka, då forvaltar gjev framlegg om avslag.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal det takast utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skadar på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen fører til ein rekke ulemper, som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Turar med motorkøyretøy som ikkje er naudsynt transport kan og bør leggjast utanfor nasjonalparken. Dette vil minske miljøpåverknaden i det verna området.

Å opne for å gje dispensasjon for persontransport til hytter og sel i nasjonalparken vil vere ein ny praksis som vil kunne medføre uheldig presedens og auka press for meir motorferdsel i nasjonalparken. Særleg uheldig vil det vere med meir motorferdsel på barmark, då dette vil kunne gje køyreskadar på sårbare naturtypar.

Ein enkelt tur med elektrisk terrenggåande rullestol langs den grusa turstien/turvegen inn mot Storesætra vil truleg ikkje medføre vesentleg meir uroing og slitasje på naturen enn ein vanleg terrengsykkel, men dersom ein opnar opp for generelle fleireårige dispensasjonar for persontransport med elektriske køyretøy vil dette i sum kunne medføre vesentleg auka press på naturkvalitetar i området.



Arkivsaksnr: 2024/8344-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 04.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsskogen nasjonalparkstyret	16/24	10.06.2024

Jostedalsskogen nasjonalpark - Dispensasjon - Innsamling av planter, sopp og lav - Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS

Innstilling frå forvaltar

Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter får, med heimel i naturmangfaldlova § 48, løyve til å samle inn planter, sopp og lav av artar som det er vanskeleg å artsfeste i felt, for slik å dokumentere naturmangfaldet betre i Røykjadalen i Jostedalsskogen nasjonalpark, på følgjande vilkår:

1. For registreringar eller innsamlingar som blir gjort i hekketida for fugl må det leggjast vekt på å minimere uro eller ferdsel som kan utgjere ein trugsel mot sårbare artar.
2. Det skal ikkje fangast eller samlast inn prøvar der dette kan utgjere ein trugsel mot lokale artspopulasjoner.
3. Med mindre det kan vere interessant å ta vare på biologisk materiale for genetisk strekkoding, eller andre genetiske eller morfologiske studier av geografisk eller annan variasjon innan ein art, skal artar som let seg artsbestemme ved fotografering, eller levandefangst utan å ta skade av undersøkinga, slippast fri etter undersøking.
4. For innsamling skal det ikkje takast fleire individ eller større prøvar enn det som er behov for føremålet.
5. For innsamling av påvekst på tre eller andre naturlege substrat skal ein så langt det let seg gjere unngå skade på «vertsorganismar», daudt trevirke eller andre underlag eller voksemedium.
6. Innsamla individ eller prøvar skal takast vare på slik at føremålet med innsamlingen kan realiserast, og handsamast, eller eventuelt sendast vidare til museum eller annan mottakar som samsvarar med dette.



7. Informasjon om funna skal innan rimeleg tid leggest inn i aktuelle data- og informasjonsbankar, slik at informasjonen best mogleg kjem til nytte for forvaltinga av verneområdet, dei aktuelle artane, og naturmangfaldet generelt.
8. Kortfatta rapport om innsamlingar og artsregistreringar, og kva som er gjort med resultatane, skal sendast til nasjonalparkstyret innan utgangen av 2024.
9. Dette løyvet gjeld ut 2024.

Saksopplysningar

Vi viser til e-post datert 07.05.2024 frå Magnus Nygård og Espen Sommer Værland i Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter med søknad om innsamling av artar i verneområde i Vestland, mellom anna innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark i Røykjadalene i Jostedalen.

Søknaden, med bakgrunn

Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS (DNV) skal i 2024 kartlegge naturtypar etter Natur i Norge (NiN 2.1) i 5 verneområde i Vestland fylke på oppdrag for Miljødirektoratet, etter rammeavtale for NiN basiskartlegging i verneområde. Oppdraget gjeld verneområda Eiterstrondi naturreservat (VV00002818), Berdalen naturreservat (VV00003719), Buggastrondi naturreservat (VV00003756), Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) og Luster allmenning naturreservat (VV00001336).

Føremålet med oppdraget er å styrke kunnskapsgrunnlaget i norske verneområde gjennom å framskaffe presis stadfesta informasjon om naturvariasjonen i verneområda. Resultata vil gjerast tilgjengeleg for forvaltinga etter endt oppdrag via dei offentlege innsynsløysningane Økologisk grunnkart, Naturbase og Artskart, samt i ein rapport som vil vektlegge forvaltingsrelevante problemstillingar. Som ein del av oppdraget inngår også registrering av artar til Artsdatabanken sin portal Artsobservasjonar.

Ikkje alle artar let seg identifisere i felt, t.d. er det ein del artar som krev mikroskopering for sikker identifikasjon. Det vil då vere naudsynt for biologane å samle prøvar av arten, og det er i denne samanheng Dokkadeltaet søker dispensasjon frå verneforskriftene for artsgruppene karplanter, moser, sopp og lav i prosjektområda. Dei ønskjer kun å samle prøvar der kor det er naudsynt for sikker artsidentifisering og kor artane som blir vurdert er relevante i forhold til verneforskrifta og oppdragsspesifikasjonen. Innsamling vil vurderast opp mot populasjonen sin robustheit. Det vil ikkje bli tatt prøvar om innsamlinga vil ha ein nevneverdig negativ effekt på populasjonen. Innsamling vil ikkje føregå på ein slik måte at det kan forringe verneverdiane i området.

Det vil kunne bli samla artar som står på Norsk rødliste for artar 2021 (Artsdatabanken, 2021). Dokkadeltaet ønskjer ikkje å samle prøvar av trua artar med mindre det er ein absolutt føresetnad for sikker identifikasjon (kor mikroskopering, DNA-analyser, e.l. er naudsynt) og det er forsvarleg av omsyn til populasjonen sin bærekraft. Områda vil kartleggast i vekstsesongen 2024, dvs. mellom mai og oktober, og arbeidet vil bli gjennomført av kyndig fagpersonell hos DNV. Prosjektansvarleg og kontaktperson hos Dokkadeltaet er Espen Sommer Værland.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamar søknaden for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden som gjeld for dei andre verneområda blir handsama av forvaltingstyresmaktene som har ansvaret der.

Heimelsgrunnlag

Omsøkt uttak av prøvar til artsidentifisering blir ramma av vernereglane i kapittel IV punkt 2.1 i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, der det står:

«Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark.»

Verneforskrifta har ikkje eigen dispensasjonsheimel som gjeld innsamling av organismer for forskning eller dokumentasjon av artsmangfald, og søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, som seier at:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Verneformålet er gitt i verneforskriften kapittel III:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»*

Vurdering

For dei fleste artar av planter, sopp og virvellause dyr er habitatendringar ein langt større trugsel mot artsførekomstane enn innsamling eller uttak av enkeltindivid. Mangel på kunnskap er indirekte ein stor trugsel mot mange artar, sidan kunnskap om kor artar finnest eller har viktige funksjonsområde ofte kan vere ein føresetnad for å skjerme dei mot trugslar eller sette inn eventuelle tiltak for å hjelpe dei.

Viktige økosystem i Jostedalsbreen nasjonalpark, slik som fjelløkologien nær breane som også blir nytta som beiteområde for gardbrukarar større det ønskjeleg å få meir kunnskap om (jf. naturmangfoldloven § 10 om økosystemtilnærming og samlet belastning).

Ut frå dette vurderer vi arbeidet frå Dokkadeltaet til å vere eit positivt tiltak som aukar kunnskapen om førekomst og utbreiing av artar, men det er ein føreusetnad at denne



kunnskapsinnhentinga i seg sjølv ikkje skal utgjere ein trugsel. For «mikroskopiske» artar av sopp og lav, som er lette å oversjå og difor normalt antas å ha langt flerie individ i eit område enn det ein klarar å finne, veit ein aldri om det ein finn faktisk kan vere det einaste i vid omkrets.

Vi meiner at innsamling av artar som ikkje allereie er godt kjent i eit område, og som ikkje eintydig kan artsbestemast utan nærare undersøking med lupe innandørs, er eit indirekte bidrag til å ta vare på desse artane, så sant ikkje innsamlinga i seg sjølv utgjer ein trugsel. Omsynsfull innsamling slik det er definert av vilkåra er etter vår oppfatting ein miljøforsvarleg metode (jf. naturmangfoldloven § 12) for å auke kunnskap om artsførekomstar, og med det eit bidrag til å forbetre kunnskapsgrunnlaget, og sette forvaltingsstyresmakta i stand til å gjere vedtak som ikkje inneber nemneverdig risiko for skade på naturmangfaldet (jf. naturmangfoldlova §§ 8 og 9). På desse premissane meiner vi at tiltaket ikkje strir mot vernevedtakets føremål, og ikkje kan påverke verneverdiane nevneverdig negativt, men tvert om vurderast som eit positivt bidrag til å oppfylle verneformålet.

Oppdraget om kunnskapsinnhenting i Røykjadalen i Jostedalsbreen nasjonalpark er tinga av Miljødirektoratet og ledd i arbeidet med å auke kunnskapen om trua, sårbar og sjeldan norsk natur.





Arkivsaksnr: 2024/8460-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 04.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/24	10.06.2024

Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Innsamling av belegg til artskartlegging - Basiskartlegging - Miljøfaglig Utredning AS

Innstilling frå forvaltar

Miljøfaglig Utredning AS får, med heimel i naturmangfaldlova § 48, løyve til å samle inn belegg av artar som det er vanskeleg å artsfeste i felt, som t.d. planter, sopp og lav, for slik å dokumentere naturmangfaldet betre i Bergsetdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark, på følgjande vilkår:

1. For registreringar eller innsamlingar som blir gjort i hekketida for fugl må det leggest vekt på å minimere uro eller ferdsel som kan utgjere ein trugsel mot sårbare artar.
2. Det skal ikkje fangast eller samlast inn prøvar der dette kan utgjere ein trugsel mot lokale artspopulasjoner.
3. Med mindre det kan vere interessant å ta vare på biologisk materiale for genetisk strekkoding, eller andre genetiske eller morfologiske studier av geografisk eller annan variasjon innan ein art, skal artar som let seg artsbestemme ved fotografering, eller levandefangst utan å ta skade av undersøkinga, slippast fri etter undersøking.
4. For innsamling skal det ikkje takast fleire individ eller større prøvar enn det som er naudsynt for føremålet.
5. For innsamling av påvekst på tre eller andre naturlege substrat skal ein så langt det let seg gjere unngå skade på «vertsorganismar», daudt trevirke eller andre underlag eller voksemedium.
6. Innsamla individ eller prøvar skal takast vare på slik at føremålet med innsamlingen kan realiserast, og handsamast, eller eventuelt sendast vidare til museum eller annan mottakar som samsvarar med dette.



7. Informasjon om funna skal innan rimeleg tid leggest inn i aktuelle data- og informasjonsbankar, slik at informasjonen best mogleg kjem til nytte for forvaltinga av verneområdet, dei aktuelle artane, og naturmangfaldet generelt.
8. Kortfatta rapport om innsamlingar og artsregistreringar, og kva som er gjort med resultatane, skal sendast til nasjonalparkstyret innan utgangen av 2024.
9. Dette løyvet gjeld ut 2024.

Saksopplysningar

Vi viser til e-post datert 13.05.2024 frå Ardian Høgøy Abaz i Miljøfaglig Utredning med søknad om innsamling av artsbelegg i verneområde i Vestland, mellom anna innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark i Bergsetdalen i Jostedalen.

Søknaden, med bakgrunn

Miljøfaglig Utredning skal i 2024 kartlegge naturtypar etter Natur i Norge (NiN 2.1) i fleire verneområde i Vestland fylke på oppdrag for Miljødirektoratet, etter rammeavtale for NiN basiskartlegging i verneområde. Oppdraget gjeld verneområda Kolebakkane naturreservat i Gloppen, Mørkridsdalen landskapsvernområde i Luster, Hurrungane i Jotunheimen nasjonalpark i Luster og Bergsetdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark i Luster.

Føremålet med oppdraget er å styrke kunnskapsgrunnlaget i norske verneområde gjennom å framskaffe presis stadfesta informasjon om naturvariasjonen i verneområda. Resultata vil gjerast tilgjengeleg for forvaltinga etter endt oppdrag via dei offentlege innsynsløysingane Økologisk grunnkart, Naturbase og Artskart, samt i ein rapport som vil vektlegge forvaltingsrelevante problemstillingar. Som ein del av oppdraget inngår også registrering av artar til Artsdatabanken sin portal Artsobservasjoner.

Ikkje alle artar let seg identifisere i felt, t.d. er det ein del artar som krev mikroskopering for sikker identifikasjon. Det vil då vere naudsynt for biologane å samle prøvar av arten, og det er i denne samanheng Miljøfagleg Utredning søker dispensasjon frå verneforskriftene for artsgruppene karplanter, moser, sopp og lav i prosjektområda. Dei ønskjer kun å samle prøvar kor det er naudsynt for sikker artsidentifisering og kor artane som blir vurdert er relevante i forhold til verneforskrifta og oppdragsspesifikasjonen. Innsamling vil vurderast opp mot populasjonen sin robustheit. Det vil ikkje bli tatt prøvar om innsamlinga vil ha ein nevneverdig negativ effekt på populasjonen. Innsamling skal ikkje føregå på ein slik måte at det kan forringe verneverdiane i området.

Det vil kunne bli samla artar som står på Norsk rødliste for artar 2021 (Artsdatabanken, 2021). Miljøfaglig Utredning skal ikkje samle prøvar av trua artar med mindre det er ein absolutt føresetnad for sikker identifikasjon (kor mikroskopering, DNA-analyser e.l. er naudsynt) og det er forsvarleg av omsyn til populasjonen sin bærekraft. Områda er planlagt kartlagt i perioden 22.august – 5.september, og arbeidet vil bli gjennomført av kyndig fagpersonell hos Miljøfaglig Utredning.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamar søknaden for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden som gjeld for dei andre verneområda blir handsama av forvaltingstyresmaktene som har ansvaret der.

Heimelsgrunnlag

Omsøkt uttak av prøvar til artsidentifisering blir ramma av vernereglane i kapittel IV punkt 2.1 i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, der det står:

«Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark.»

Verneforskrifta har ikkje eigen dispensasjonsheimel som gjeld innsamling av organismer for forskning eller dokumentasjon av artsmangfald, og søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, som seier at:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Verneformålet er gitt i verneforskriften kapittel III:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»*

Vurdering

For dei fleste artar av planter, sopp og virvellause dyr er habitatendringar ein langt større trugsel mot artsførekomstane enn innsamling eller uttak av enkeltindivid. Mangel på kunnskap er indirekte ein stor trugsel mot mange artar, sidan kunnskap om kor artar finnest eller har viktige funksjonsområde ofte kan vere ein føresetnad for å skjerme dei mot trugslar eller sette inn eventuelle tiltak for å hjelpe dei.

Forvaltar spelte inn området til Statsforvaltaren, då det kan vere aktuelt å lage skjøtelsesplan for det aktuelle området i framtida. Argumentasjonen var: *«Området frå parkeringa ved Bergset og innover dalen mot Bergsetbreen og Tuftebreen er mykje besøkt, og det er ein del beitedyr. Vi ser utfordringar gjennom ein del slitasje, særskilt på moreneavsettingar. Det er*



også planar om skjøtselsplan i området etter kvart. Besøkstelling viser at talet på besøkande ligg på om lag 7000 i året.»

Viktige økosystem i Jostedalsbreen nasjonalpark, slik som økologien nær breane som også blir nytta som beiteområde for gardbrukarar, er det ønskeleg å få meir kunnskap om (jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning).

Ut frå dette vurderer vi arbeidet frå Miljøfaglig Utredning til å vere eit positivt tiltak som aukar kunnskapen om førekomst og utbreiing av artar, men det er ein føresetnad at denne kunnskapsinnhentinga i seg sjølv ikkje skal utgjere ein trugsel. For «mikroskopiske» artar av sopp og lav, som er lette å oversjå og difor normalt antas å ha langt flerie individ i eit område enn det ein klarar å finne, veit ein aldri om det ein finn faktisk kan vere det einaste i vid omkrets.

Vi meiner at innsamling av artar som ikkje allereie er godt kjent i eit område, og som ikkje eintydig kan artsbestemast utan nærare undersøking med lupe innandørs, er eit indirekte bidrag til å ta vare på desse artane, så sant ikkje innsamlinga i seg sjølv utgjere ein trugsel. Omsynsfull innsamling slik det er definert av vilkåra er etter vår oppfatting ein miljøforsvarleg metode (jf. naturmangfoldloven § 12) for å auke kunnskap om artsførekomst, og med det eit bidrag til å forbetre kunnskapsgrunnlaget, og sette forvaltingsstyresmakta i stand til å gjere vedtak som ikkje inneber nemneverdig risiko for skade på naturmangfaldet (jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 9). På desse premissane meiner vi at tiltaket ikkje strir mot vernevedtakets føremål, og ikkje kan påverke verneverdiane nevneverdig negativt, men tvert om vurderast som eit positivt bidrag til å oppfylle verneformålet.

Oppdraget om kunnskapsinnhenting i Bergsetdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark er tinga av Miljødirektoratet og ledd i arbeidet med å auke kunnskapen om trua, sårbar og sjeldan norsk natur.





Arkivsaksnr: 2024/8547-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 04.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	18/24	10.06.2024

Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Innsamling av prøvar til forskning - RACOON - Høgskulen på Vestland

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gir løyve, med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd, til Høgskulen på Vestlandet v/Jacob Clement Yde og forskar Kamil Wojciechowski, til innsamling av prøvar til forskning på radioaktive elementer på og rundt Tuftebreen og Austerdalsbreen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyve gjeld:

1. Innsamling av inntil 6 prøvar av mose med substrat langs stien til Tuftebreen. Kvar prøve skal ikkje vere større enn 0,5 kg.
2. Innsamling av inntil 10 bremus frå breoverflata på Austerdalsbreen.

Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Etterprøvetaking skal det ikkje vere visuelt synleg i terrenget.
- Det skal takast bilete frå prøvestadane, samt merkast på GPS.
- Løyve gjeld for 2024.

Etter at feltarbeidet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet, med bilete av prøvelokalitetar, eksakt lokalisering på kartet, ev andre observasjonar.

Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente andre naudsynte løyve frå kommune, samt frå grunneigarar.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad på e-post frå HVL v/ professor Jacob Clement Yde på vegne av phd.-student Kamil Wojciechowski, datert 13.05.2024.

Søknaden

I dette studiet vil ein sjå på korleis radioaktive element blir akkumulert på breoverflata og områda rundt. Feltarbeidet er planlagt i perioden 25. – 30. august 2024.

«Dette er både en søknad og informasjon om feltarbeid ved Nigardbreen, Tuftebreen, Austerdalsbreen og Styggedalsbreen, da vi er usikre på, hva der skal søkes om.

Radioaktiviteten i sedimentært og biologisk material fra Jostedalsbreen er relativt høy sammenlignet med andre breområder, hvor der er gjort målinger. Det skyldes primært radioaktivt nedfall fra Tsjernobyl-ulykken i april 1986, men der er også andre kilder. Vi ønsker å samle inn prøver for å få bedre viten om hvordan radioaktive elementer akkumuleres på breoverflaten og i breforlandet over tid. Målet er at bedre kunne forutsi hvilke konsekvenser fremtidig bresmelting får for frigivelse av radioaktivt materiale i nedstrøms økosystemer (innsjø, elv og fjord).

Resultatene vil inngå i doktorgraden til Kamil Wojciechowski (Henryk Niewodniczański Institute of Nuclear Physics, Polish Academy of Sciences), som også vil utføre feltarbeidet. Professor Jacob Yde er lokal prosjektpartner (HVL) og vil være tilgjengelig i Jostedalen under feltarbeidet. Feltarbeidet er en del av forskningsprosjektet RACOON «Legacy of Airborne Particulate Contamination on Norwegian Glacier», som ledes av Professor Edyta Lokas (Henryk Niewodniczański Institute of Nuclear Physics, Polish Academy of Sciences).»


Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal vurdere feltaktiviteten på/ved Tuftebreen og Austerdalsbreen, som begge er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark.

«Tuftebreen

10 kryokonitt-prøver (2 duplikater fra 5 lokaliteter) på den nederste delen av Nigardsbreen. Prøvene innsamles i 15 mL flasker fra sediment-rike huller på breoverflaten. De er markert med blå på Figur 1.

2 sediment-prøver av ca. 0,5 kg per stykk (totalt ca. 1 kg sediment). Den ene prøve vil bestå av nylig avsatt sediment i den proglasiale innsjø, mens den annen prøve vil bli innsamlet i elven ved overgangen mellom bart fjell og skog. De vil ikke etterlate noen synlige endringer i terrenget. De er markert med rød på Figur 1.

6 mose-prøver fra syv ulike lokaliteter i forlandet. Prøvene vil bli innsamlet i sterile plastposer. Det vil være maksimalt 0,3-0,5 kg moser fra hver lokalitet. De vil bli innsamlet langs stien opp til Tuftebreen og uten at etterlate synlige tegn i terrenget. De er markert med grønn på Figur 1.




Figur 1. Kart over planlagte lokaliteter for prøveinnsamling ved Tuftebreen.

Austerdalsbreen

10 kryokonitt-prøver (2 duplikater fra 5 lokaliteter) på den nederste delen av Austerdalsbreen. Prøvene innsamles i 15 mL flasker fra sediment-rike huller på breoverflaten. De er markert med blå på Figur 2.

1 sediment-prøve av ca. 0,5 kg av nylig avsatt sediment fra den proglasiale innsjøen foran breen. Prøven vil ikke etterlate noen synlige endringer i terrenget. Den er markert med rød på Figur 2.

Hvis det er mulig, vil vi gjerne innsamle litt bremus (glacier mice) fra Austerdalsbreen (opp til 10 stykk) for å ha bremus for fremtidige undersøkelser, hvis kolonien av bremus forsvinner fra Austerdalsbreen. Vi vil så vidt mulig innsamle bremus som uansett vil forsvinne ned i den proglasiale innsjøen som følge av avsmeltingen av breen.»



Figur 2. Kart over planlagte lokaliteter for prøveinnsamling ved Austerdalsbreen.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova

Verneforskrift og lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet og plantelivet verna mot alle inngrep og skade, jf. kapittel IV, punkt 1.1 og 2.1. Det er ikkje opning i verneforskrifta for å gjere unnatak av vernereglane for vitskaplege granskingar. Tiltaket må difor vurderast mot naturmangfaldlova



§ 48 om dispensasjon frå vernevedtaket. I første ledd står det: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig (...).*»

Å bryte laus stein og uttak av stein i store mengder er forbode, jf. kapittel IV, punkt 1.1, andre ledd. Både planlagte sedimentprøvar og kryokonittprøvar vil vere ubetydeleg, og vil ikkje påverke området i det heile, og vurderast difor til å ikkje vere søknadspliktig.

I forvaltingsplanen for Jostedalsbreen står det i retningslinene i kapittel 7.3.12: «*Forskning og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Det er i dei seinare år kome mykje ny kunnskap om Jostedalsbreen gjennom JOSTICE-prosjektet. I kjølvatnet av dette dukkar det opp nye samfunnsrelaterte problemstillingar som ein ønskjer å forstå betre. Akkumulering av radioaktive element på og rundt breen, og kva det kan bety for økosystem nedstrøms, er ein slik problemstilling. Jostedalsbreen skil seg ut på grunn av mykje radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986, og ein ønskjer å betre forstå konsekvensane av kva som skjer med det radioaktive nedfallet når breane smeltar.

Difor vil forskarar hente prøvar frå både breoverflata og områda rundt. På breen akkumulerast både organisk og ikkje-organisk materiale til ein grå/svart masse som blir kalla kryokonitt. Nokre små prøvar frå dette, vil ikkje vise att eller påverke landskapet på nokon måte. Det vil heller ikkje 1 kg sedimentprøve langs elva gjere når breen produserer fleire 100 tonn sediment i året. Forvaltar meiner difor at dette ikkje er søknadspliktig.

Vidare vil forskarane ta prøvar av mose langs stien til Tuftebreen. Det er søkt om 6 moseprøvar frå sju ulike lokalitetar i forlandet. Etter presisering av Jacob Yde per telefon er det snakk om noko mose, samt substratet under mosen. Forvaltar var redd at 0,5 kg tørr mose 6 plassar langs stien ville kunne gje store, unaturlege sår i vegetasjonen. Det vart forsikra at det er snakk om små prøvar som ikkje vil vere synlege i terrenget.

På Austerdalsbreen er det i seinare år oppdaga «bremus» (figur 3). Dette er eit lite økosystem som lever på sediment i breoverflata. Økosystemet består av mose, mikroorganismar og insekt. I Noreg er det berre på Austerdalsbreen dette er funne. Bremusene følgjer med brerørsla, og samstundes rullar nedover mot fronten av breen. Det er sannsynleg at forholda med midtmorene med sediment gjer at det er eigna forhold akkurat på Austerdalsbreen. Austerdalsbreen har trekt seg mykje attende siste åra, og bremusene forsvinn i den proglasiale innsjøen ved breen.

No ønskjer forskarane å samle inn inntil 10 stykk bremus for å kunne forske på dette økosystemet. Per telefon bekrefta Jacob Yde at det relativt store mengder med bremus i området (> 1000 stk), og at det difor vil vere uproblematisk å samle inntil 10 stykk nært fronten av breen, då dei uansett er på veg ut i vatnet.



Bremus er ei ny oppdaging i Noreg, sjølv om det internasjonalt er funne fleire stader. Det er relativt lite kunnskap om dette spesielle biologiske sytemet som kan leve på isen, og det er difor av interesser å forstå meir om korleis dette fungerer og kva artar som lever der. Sidan ein i dag berre kjenner til at dette finnest på Austerdalsbreen, skal ein prøve å ta vare på det. Sidan breen dei siste åra er blitt mindre er også eigna levestad blitt mindre, og kjem mest sannsynleg til å bli endå mindre. Endå er det ein livskraftig koloni med bremus på breoverflata, og det vil gjere liten skade å ta prøvar frå nokre av dei, samstundes som dette kan vere relevant forskning også for forvaltinga.



Figur 3: Bremus på Austerdalsbreen. Foto: Pål Hage Kielland.

Det omsøkte forskingsprosjektet ønskjer å ta mindre prøvar av sediment og mosar på og rundt breane for å få ei betre forståing av akkumulering av radioaktive element rundt Jostedalsbreen, og korleis dette kan påverke nedstrøms ved framtidig smelting av breane. Samstundes vil dei undersøke det spesielle økosystemet rundt relativt nyoppdaga bremus på Austerdalsbreen. Dette er forskning som både kan gi samfunnsmessig og forvaltingsmessig relevant informasjon, og auke kunnskapen om området. Forvaltinga meiner det er god kjennskap til området og det er ikkje registrert særskilt sårbart biomangfald i nærleiken, prøvetaking vil ikkje uroe dyreliv i området og det vil ikkje vere varige spor når tiltaket er ferdig i 2024 (nml § 8). Så langt forvaltar kan sjå er det ikkje fare for irreversible skadar eller at tiltaket vil kunne gjere skade på naturmiljøet, så føre-var-prinsippet vil ikkje vere gjeldande i denne saka (nml § 9). Forvaltar kan heller ikkje sjå at økosystemet i noko grad blir påverka utfrå ei vurdering om samla belastning (nml § 10). For å kunne gjennomføre prøveinnsamlinga må ein ta omsyn til korleis forholda er på staden og finne beste staden. Det er positivt at det ikkje vil vere synlege spor etter prøvetaking når feltarbeidet er ferdig (nml § 12). § 11 vil ikkje vere relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at forskinga kan gi verdfull kunnskap om nasjonalparken, og difor er ein særleg grunn å gje dispensasjon til å ta prøvar frå mosar med vekstsubstrat og avgrensa mengder



bremus, då dette vil gi viktig kunnskap i vidare forståing og forvaltning av breområder i Noreg. Sidan prøvetakinga er av liten karakter og det ikkje vil vise att i landskap eller truge noko økosystem, vert det vurdert å ikkje vere i strid med verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark eller truge verneverdiane (nml § 48).

ST 19/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 1/24 Rapport frå synfaring 28.05.2024. Bru over Tverrdalselva mv.